



Dagpasientane kjem til Rosendalstunet. Sjøfør Arne Velten Vestli bak. Til høgre står Kåre Bjørnebøle frå Omvikdalen. Dei andre er frå Uskedalen: Helga Haugland, Kristine Nernes, Borghild Hansen og Kristi Østebø (frå høgre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dagpasientane frå Uskedalen er svært trufaste når det gjeld å komma seg ut. Det er ikkje mange fråfall når bilen går til Rosendalstunet kvar måndag og torsdag.



Dansen går på Rosendalstunet til tonene frå trekkspelet til Olger Leganger. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det slår ein like trufast sjåfør, østerdølen Arne Velten Vestli, fast når han kjem med ni pasientar frå Uskedalen og Omvikdalen. Han har halde på så lenge tilbodet har vara og det er i 10 år. To kunne ikkje vera med denne dagen. Aldersspennet er frå 80 til 93 år. Borghjild Hansen er eldst og ho slår Anni Feet med tre år! To av uskedelingane har vore med sidan starten - det er Kristi Østebø og Kristine Nernes.

- Også dei frå Omvikdalen er flinke til å slutta opp om dette tilbodet, men uskedelingane er flinkast, seier Arne.. Pasientane er rause med rosen både om han og Forden, som har gjort teneste like lenge..
- Dette er ei samansveisa gjeng som har det kjekt i lag, slår sjåføren fast og trillar inn den siste slik at dagens program kan starta.

Programmet varar frå klokka 10.30 til 16 og har dei samme hovud-innslaga. Eit viktig innslag er gamaldans og det er Olger Leganger med trekkspelet sitt som får det til å kribla i danseføtene denne dagen. Pasientane nøler ikkje når personalet får dei utpå golvet, det er heilt klart at dei ikkje finst nokon aldersgrense for dei som vil svinga seg i vals og rheinlender!

- Men bingo med sang er mest populært, fortel Bodil Gjuvsland og legg til at lesing frå avisene også er ein post som dagpasientane set stor pris på.
- Det er eit tilbod kvar dag på dagavdelinga. Andakt, lesing av stoff frå tidlegare tider og korsang er andre innslag som kjem att frå tid til annan.

Av Ola Matti Mathisen



Den trufaste og omsorgsfulle sjåfør Arne Velten Vestli hjelper Anni Feet (90) frå Uskedalen ut av bilen. (Foto: Ola Matti Mathisen)